

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING ..

Emnenr. 1 - 6.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leikanger.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Fresvik.

Oppskr. av: Per Høhs. Bøthun

kårmann på garden, 75 år. Gard: Bøthun.

(adresse): Bøthun, Fresvik.

G.nr. 40 Br.nr. 3.

A. (Merk av om) oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om oppskrifta er etter andre heimelsmenn.

S V A R .

TRANSPORT AV HØY .

I. Gardane er etter måten små her i Fresvik, og husmannsplassane er nedlagde no. Men for ein 60 år sidan var her mange plassar som eg hugsar til budde folk på. So langt attende, - og seinare, vart ikkje hesten brukt mykje i høyonni. Det er endå til ein skilde gardar der bruken av hesten er liten endå. Dei gamle bruksmåtane har henge att lenge, og ein skilde har ikkje sleppt taket på dei enno. Men etter utskiftningen for 60 år sidan har det betra seg mykje meddi hesten har overteke mykje av tungarbeidet.

Men sjølv sagt laut husmennene frametter syta for greida seg med dei gamle bruksmåtane med bering og draging frå slåtteteigane sine som oftast låg langt undan oppetter fjellsidene opptil 400-500 meter oppetter liene.

Slåtten i utmarkene har minka mykje av i dei siste 10-15 åri. Sume har laga kulturbeite av desse teigane, men meir og mindre utmarkslette vart endå slegne, og serleg der det er god arbeidshjelp. Utmarkslåtten har halde seg lenger på dei minste bruki. Dei som ikkje har hest sjølve får anten lånt seg hest, eller dreg høyet heim på handkjerre eller drag-slede. Er det ikkje høve til det må det berast på ryggen.

2. Der det var utmarkløa i slåtteteigen vart graset bore eller drege inntil hesjar som stod ved løa. Dette var hesjar som var laga av ståande staurar som var fastbunde liggjande trøer til. Troene var bundne fast til staurane med vidjer og desse hesjane stod år etter år. Frå hesjane vart høyet bore på ryggen inn i løa. Byrdatog med helde vart jamt brukt til dette.

I sume teigar var det ikkje lør, og der marki var bra jamn nedetter bakkane, vart brukt ein sokalla sloe til å draga graset på. Det var helst bjørkegreiner ein laga sloen av, saman bundne med tog. Ein måtte maka greinene til so dei ikkje sette seg fast i stein og stuv i gota (løypa). Det vart sett tog over sloen, framme og bak, og etter graset var lagt på, gyrda ein til so godt det var råd. På denne måten kunde ein få med eit lite hestlass ned til køyrevegen.

Ei høybør vart laga soleis: Ein tek det doble toget med helda i og legg det beint utover marki slik at desse tvo togi vart liggjande litt frå kvarandre, - det gjer til at høyet ligg betre i og dertil må det vera slik då ein skal ha det til fat

Høyet vert so teke or hesi eller såta, og ein fengjer so mykje ein kan femna millom armane, legg bortpå toget til byrdi vert passe stor. Togendane vert so dregne gjennom helda og byrdi vert snørd ihop. Under heile arbeidet må ein passa på at byrdi vert so bein so mogleg, utan vil den lett detta sund under beringi. For å få byrdi på ryggen set ein seg ned på marki med ryggen mot byrdi. Slakkar av toget so mykje at fatlene kan havast innpå ei på kvar skulder, snører til på ny til byrdi ligg passe fast inntil ryggen, tek kast om handi og med eit lite vipp er ein komen på fôt. Er det nokon annan med, hjelper han vedkomande å koma seg på fot med byrdi.

Borni var med på slåtten og hjelpte til det dei kunde. Når graset vart slege radt opp i ulenda brukte ein ei sokalla „rodde” til å hava graset i, og denne vart rulla nedover bakkane. Ei slik rodde var bundi av grant tog på omlag „taumatjukn” med ca. 5" maskar. Når rodde var istappa rått gras, var ho rund som ein fotball, og der kunde hysast fleire grasbyrdar i ho. Då ho var attbundi i den opne enden var ho ferdig til å sleppast avgarde, og det vart på vill leik nedover. Desse roddene var ikkje ufårlege om det skulle koma folk i vegen for henne. Det kan soleis nemnast, at for omlag 40 år sidan vart ei kvinna drepit av ei rodde som mannen hennar sende avgarde lenger oppe i liti. Etter at Rennestrengen (løypestrengen) kom i bruk for ein 50-60 år sidan, kom rodde og sløen meir bort og det vart ein omsnudd med transporten av både høy og lauv, og beringi minka av.

Handkjerra vert brukt sumtid på flat og halvbratt mark til å draga græs innåt hesjane med. Elles vert høygaffel- en mest brukt til dette. Desse handkjerrene har anten karm eller tverr-remar med påspikra remar langsetter.

3. Her i bygdi er slåttemarkene nede i dalen eller oppe i liene. Mest alt høyet vert innkøyrt i heimeløa om somaren. Berre stølshøyet vert heimkøyrt på vinterføre.

4. I den seinare tid har bøndene kosta seg høyvogner med eitt hjulpar under. Det er langremar i botnen med kasse over hjulene då vogni er breidare enn hjulene. Framme og bak er det fastskruva grindar til understellet. På kvar sida er det ei lausgrind. Desse grindane har ståande remar med omlag 4-5 " millomrom og er omlag 130 - 140 cm. høge.

Sume brukar endå treslede i bratt mark der den er å føretrekkja. - Me brukar ikkje namnet slede til høyvogni, me har eit anna hjulreidskap som me kallar hjulslede. Denne har eitt par hjul. Tvo meiar (på skap som sledemeiar) gjeng attom og framom akslingen. I fremste enden er reset (bøygen) på desse meiane. Til meiane vert skjekene (draget) fastsette. Millom meiane er tverrliggjande samholdarar som det er lagt langremar på langs etter sleden. På kvar side er det eit Ca. 15" høgt rekkverk. Framme er det ei fjøl tverrsover, men bak er det ope.

På vintrasledane er det stålskoning under meiane. For ca. 60 år sidan var det berre tresledar utan skoning. Eg minnest sovidt me fekk den første jarnskodde sleden på garden.

Både høyvogni og hjulsleden vart brukte til høytransporten på gardane hjå dei fleste som hadde hest. Men høyberinggi har henge att hjå mange like til det siste.

Men dei skrale køyrevegane til mange gardar har vanskeleggjort dei tekniske hjelperåder på dette omkverve. -

For å få lasset godt gyrda saman, brukte ein anten den vanlege høytangi som var sjølvvaksi med to armar med ca. 10" millomrom. Ein sette tog i båe endar og pressa godt nedåt. Håvolda eller helda som var i tangi, måtte vera sterkare enn dei som var i byrdatogi. Det var slike som var i gyrdingane (gyrdatog).

Høystakk har so vidt eg veit ikkje vore brukt noko nemnande her hjå oss. ~~Til~~ høykøyringi vart det aldri brukt meir enn ein hest.

5. Ved hopaslått vart høyet delt ved heimkøyringi, anten i byrdar eller lass. Når føret var godt, nøytt dei på og ~~skøy~~ skøyde høyet heim. Det kunde ofta verta på kappkøyring. Det var dei som eigde sletti som bestemte køyretid og ordna med brøytingi..

6. Når det er ein trygg verbolck, nøyter dei på, og brøyter veg med det same, og dei driv på so lenge dagen varer, - og ein skøyter på ~~med~~ skyvingi ogso. -

1269

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Grunnsøkt ved

